



DET KONGELEGE
FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENT

Høyringsinstansane

Dykkar ref

Vår ref
200901184

Dato
29. januar 2009

Høyringsbrev

Høyring – forslag til endring av forskrift om tildeling av løyve til havbruk med laks, aure og regnbogaure i sjøvatn 2009 (som er ute på høyring)

1. INNLEIING

Fiskeri- og kystdepartementet sende 30. desember 2008 forslag til forskrift om tildeling av løyve til havbruk med laks, aure og regnbogaure i sjøvatn 2009 på høyring. Denne forskrifta om endring av nemnte forskrift omhandlar tidsfristar for saksbehandlinga til fylkeskommunen. Vedlagt (././.) er utkast til forskrift om endring av forskrift.

Kort fortalt omhandlar høyringsbrevet følgjande:

- Fråsegn frå fylkeskommunane skal vere Fiskeridirektoratet i hende seinast fire veker frå mottak av søknadspapira.

Frist for merknader er sett til **12. mars 2009**. Fråsegnene skal sendast til Fiskeri- og kystdepartementet PB 8118 Dep, 0032 Oslo eller per e-post til postmottak@fkf.dep.no.

Liste over adressatane er vedlagt. Vi ber om at instansane sjølve legg høyringsbrevet fram for eventuelt interesserte underliggende etatar og organ.

2. BAKGRUNN

Løyve til havbruk med laks og aure blir tildelte gjennom tildelingsrundar. Det vil seie at ei avgrensa mengde løyve blir utlyste på bestemte kriterium.

Det går fram av Ot.prp. nr. 10 (2008-2009) Om lov om endringar i forvaltningslovgjevinga mv. (gjennomføring av forvaltningsreforma), at tildelinga av det enkelte havbruksløyve skal flyttast til regionalt folkevalt nivå. Fylkeskommunane si nye rolle frå 2010 vil ikkje endre rolla til dei statlege fagetatane (Mattilsynet, Kystverket og Fylkesmannen) i behandlinga av nye eller større lokalitetar. Desse etatane vil, som før, ta omsyn til fiskehelse og -velferd, sjøvegs transport og areal, og forureining og utslepp.

Som følge av forvaltningsreforma vil fylkeskommunane få ei rolle i tildelingsrunden i 2009. Konsultasjonen vil innebere at den aktuelle fylkeskommunen uttalar seg om næringspolitiske vurderingar i lys av fylkesplanen, medrekna kvar i fylket det er ønskjeleg med meir oppdrettsverksemd. Vurderingane til fylkeskommunen skal dokumenterast.

Dette forslaget medfører at det blir sett ein tidsfrist for saksbehandlingstida til fylkeskommunen.

3. NÆRMARE OM FORSLAGET

Kravet i akvakulturlova § 8 om at saksbehandlinga skal vere effektiv pålegg styresmaktene å behandle søknadene raskt slik at søkjarar ikkje skal måtte vente på svar lengre enn det som er nødvendig for å sikre ei kvalitativt god behandling av søknaden sett i høve til dei tilgjengelege ressursane i forvaltninga. Konsultasjonen med fylkeskommunane vil medføre ei auka saksbehandlingstid for søkjarane til nye løyve. Dette fordi Fiskeridirektoratet må vente på fylkeskommunen si behandling av søknadene.

Fiskeri- og kystdepartementet ønskjer at den auka saksbehandlingstida skal vere så kort som mogeleg, utan at det går utover kvaliteten i saksbehandlinga i fylkeskommunane. Departementet syner til at den einskilde etat pliktar å prøve å optimalisere saksbehandlinga si og bruke det enklaste verktøyet som er tilgjengeleg for å sikre samfunnsinteressene, og samtidig gjere tildelinga effektiv og heilskapleg for næringa.

Fiskeri- og kystdepartementet foreslår på denne bakgrunn at fylkeskommunane får ein saksbehandlingsfrist. Fristen må vere lang nok til at fylkeskommunane får tilstrekkeleg tid til å behandle søknadene på ein forsvarleg måte. Vidare må det takast omsyn til at arbeidsbelastinga kan bli større i fylke med mange løyve. Det er også teke omsyn til at forvaltningslova føreset at vedtak blir gjort utan ugrunna opphald, og at organet må gi førebels svar dersom saka ikkje kan behandlast i løpet av ein månad.

Fiskeri- og kystdepartementet foreslår etter dette at fylkeskommunane får ein saksbehandlingsfrist på fire veker. Vi ber særleg om at høyringsinstansane vurderer om dette er ein formålstenleg tidsfrist.

4. ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSA

Forslaget vil medføre at fylkeskommunane må slutføre saksbehandlinga si på fire veker. I ein avgrensa periode vil dette føre til auka saksbehandling knytt til oppdrettsløyve i fylkeskommunane. Det er ein føresetnad at kostnadene blir dekte innanfor dei tildelte rammene.

Høyringsbrevet med vedlegg er også gjort tilgjengeleg på internett www.regjeringen.no/fkd under saker på høyring.

Med helsing

Magnor Nerheim
ekspedisjonssjef

Kari Bjørbæk
avdelingsdirektør